



# LIDA Stories

[lidastories.net](http://lidastories.net)

پٽاوتكى پٽر وهى مٽر / Ein gammal

**mann som kjærest**

✎ Aranya

☞ Sunniva Høyby-Øiset

☞ Dier Piran (ckb), Espen Stranger-

Johannessen (nn)



This work is licensed under a Creative Commons Attribution 4.0 International License.  
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0>

پٽاوتكى پٽر وهى مٽر

**Ein gammal mann som kjærest**



✎ Aranya

☞ Sunniva Høyby-Øiset

☞ Dier Piran

|| 5

☺ كورى / nynorsk (nn)



وامزانی پڄوی نه رویجی ډښترین پڄون له جیښندا، به لام نه وه  
راست نییه! پیش نه وهی نه و پڄوه ببینم که بووه میږدم، من له  
گرگه یه ک گرم ده کرد له ډنکوک، نه ویش له پڄا ده ږی. نیمه له پڄه ی  
نینه رنیت یه کترهن لسی و له کولاییدا بووین به خوشه ویستی  
یه کتر.

...

Eg trudde norske menn var dei beste mennene i verda, men det stemmer ikkje! Før eg møtte han som skulle bli ektemannen min, jobba eg på ein fabrikk i Bangkok, medan han budde i Pattaya. Vi vart kjente gjennom Internett og vart etter kvart saman.





ئېمە گواستەنەوہ بۆ نەروىچ و من دەستمکرد بە چوون بۆ قوئىبخنە  
بۆ فېر بوونى نەروىجى. گتېكى سەخت بوو. من مۆلەتى لىخوړېنم  
نە بوو، وە دە بووايە ھوسەرە کہ م بىگە يە نیتە قوئىبخنە، لەوئ  
چوہ پېم بگ، څ بىتەوہ. لە ھەر سەرىک رېنگکە يە ک گتزمېر بوو. پېش  
ھوہ يە ک ھلەن نزيکتر بوويەوہ، بەلام ھېشە ئەو سوور بوو کہ  
بىگە يە نیتە قوئىبخنە. نەيدەويست بە تەنې پړۆم.

...

Vi flytta til Noreg, og eg byrja å gå på skule for å lære norsk. Det var vanskelege tider. Eg hadde ikkje førarkort, og mannen min var nøydd til å køyre meg til skulen, vente på meg og køyre meg tilbake. Det tok éin time kvar veg. Etter ei stund flytta vi nærare, men likevel insisterte han på å køyre meg til skulen. Han ville ikkje at eg skulle gå åleine.





له بری ئه وه میڤرده که م گریکی تری بۆ من هه بوو – دروستکردنی گه راجیک. ئه وه سهروه سکا بوو و من هه موو گریکم ده کرد. ئه وه نهیده توانی شتی زۆر بکا چونکه نه خووش بوو. ئه وه هیچ پیرهیه کی به من نه دا له وهی که وه ریگرت بۆ دروستکردنی گه راجه که.

...

I staden hadde han ein annan jobb for meg – å bygge ein garasje. Han var sjefen og eg gjorde alt. Han kunne ikkje gjere så mykje fordi han var sjuk. Han gav meg ingen av pengane han tente frå å bygge garasjen.



رۆژیک گوتی که ئه وه بیزار ده بی گتیک به ته نی له هله وه ده بی، بویه برییدا که ده بی سه گیکهن هه بی. من سه گم نه ده ویست له به ره وهی له دوا ی قوتبخنه هندوو ده بووم و ئه رکی هله وه م ده بوو. گوتی که ئه وه هه موو رۆژیک پیسه به سه گه که ده کت، به لام له کۆتیییدا ده بووایه من هگم له سه گه که و میڤرده که شم بییت.

...

Ein dag sa han til meg at han kjeda seg når han var åleine heime, så han bestemte seg for at vi skulle skaffe oss ein hund. Eg ville ikkje ha ein hund sidan eg var sliten etter skulen og hadde lekser. Han sa at han skulle gå tur med hunden kvar dag, men til slutt måtte eg passe både hunden og den gamle mannen min.